



Bygdeutvikling

Suldal kommune

Norges Vassdrags- og
Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 22.12.2020

Arkivkode: K2-S11
Dykkar ref. d7330de0-74ca-4ca2-
944c-d3a58ad3f55a
Vår ref. 05/2621-20
20/17841
Torill Telstad

UTTALE -AVGRENSA HØYRING AV SØKNAD OM UTSETT BYGGJEFRIST FOR OSANE KRAFTVERK - SULDAL - ROGALAND

Viser til brev d.s. 18.11.2020.

Suldal kommune meiner det ikkje er rett å gje utsett byggefrist på Osane kraftverk. Det er dei seinare åra komen fram nye opplysningar og kunnskap om trua art og villrein i området. I tillegg er delar av utbygginga planlagt i myrområde over skoggrensa. Det er ingen vurderingar av omfanget av karbonutslepp frå desse inngrepa. Sett i lys av seinare års kunnskap og fokus på temaet, bør ikkje ein forlenge utbyggingsfristen før dette er vurdert.

Nye opplysningar til vurdering:

Gamle konsekvensutgreiingar:

- Konsekvensutgreiingane for utbygginga er frå 2005, og ved ei bygging i 2025 er dei da 20 år gamle. Å tillate ei utbygging i desse sårbare områda med 20 år gamle KU utredningar er ikkje rett. Det er komen ny kunnskap på fylgjande fagfelt:

Myr:

I konsekvensutgreiingane står m.a. at i øvste delane av utbygginga skal røygata (og anleggsvegen) gå gjennom myrområde. Det er ingen målingar og vurderingar i om t.d. kor djup myrene er, kor store myrområde som blir påverka eller kor store karbon utslepp det vil medføre. Med tanke på kunnskapen som er komen fram dei seinaste åra om kor viktig karbon lagring i myr er, kan ein ikkje tillate denne utbygginga utan å ha vurdert dette. Problemstillinga er ikkje vurdert i utgreiingane frå 2005.

Hubro:

Hubro, som er ein kritisk trua art i Noreg, er registrert hekkande i området. Dette vart vurdert av NVE når vedtaket om konsesjon vart påklaga. Konklusjonen var at hubroen vart ivaretatt med ein stans i anleggsarbeidet frå mars til midten av juni.



| Eidsvegen 7, 4230 SAND
| Bankgiro: 3202.07.01153

| 52 79 22 00
| org. nr 964 979 189

| postmottak@suldal.kommune.no
| www.suldal.kommune.no

Sidan den gong har ein fått ny kunnskap om sårbarheita til hubroen i rapporten: «*Status og trusler for hubro i Norge. Faggrunnlag for revidering av nasjonal handlingsplan*» (Heggøy.O og Shimmings.P., 2020). Det viser seg at Hubroen har ein mykje lenger hekkesesong enn tidlegare antatt.

I hekkesesongen 2014 var det registrert vellykka hekking i området med tre ungar. Observasjonane her støtta opp under den nye kunnskapen. Hubroungane med foreldre heldt seg i området fram til midten av september. Ei utbygging etter gjeldande konsesjon vil derfor truleg ha større negativ konsekvens for hubroen enn det som var vurdert når konsesjonen vart gitt. Å gje ein utsett byggefrist utan ny vurdering vil derfor bryte med naturmangfaldlovas §5 (forvaltningsmål for artar), § 8 (kunnskapsgrunnlaget) og § 9 (føre-var-prinsippet).

Villrein:

I regjeringas nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 står det m.a. «Noreg har eit særskilt ansvar for å ta vare på villrein som ein nasjonal ansvarsart og dessutan leveområda til villrein». Den omsøkte utbygginga ligg innafør «hensynssone nasjonalt villreinområde» i regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.

Dei seinare åra har det komen fram mykje ny kunnskap om villreinen i området. Vinteren 2020 vart det m.a. gjennomført ei omfattande registrering av villreinens bruk av områder i Ryfylkeheiane. Under denne registreringa vart det observert villrein i det aktuelle utbyggingsområdet fleire gongar. Nedising av beite høgare opp gjorde at reinen trakk ned i fjellbjørkeskogen og oppheldt seg der i lengre periodar. Med dei klimaendringane ein har i vente vil dette vere ein situasjon ein vil sjå oftare i åra som kjem.

Nasjonalt står ein no ovanfor store utfordringar når det gjeld forvaltning av den norske villreinstammen. Skrantesjuka er no påvist på Hardangervidda og det er da truleg berre eit tidsspørsmål før ho breier seg til Ryfylkeheiane. Ein har enno ikkje svaret på kor skrantesjuka hos villrein kjem frå eller korleis ein skal forhalda seg til den i forvaltninga. Ein av teoriane som er framsett er at reinsdyra lever for tett på kvarandre. Reduksjon i attraktive areal i randsonene til reinens leveområde er derfor det siste ein treng i denne situasjonen.

Etter naturmangfaldlova §8 (kunnskapsgrunnlaget) skal ein vurdere kva for ein tilstand naturmangfaldet som vurderast har og kva for effektar avgjerda vil ha for naturmangfaldet. Når det gjeld villreinen meiner Suldal kommune desse vurderingane er må tas på nytt sett i lys av dagens kunnskapsnivå.

I Klima- og miljødepartementets vegleder for naturmangfald lova står det m.a. at det og er relevant å sjå på andre påverkingar faktorar. «*Andre påvirkningsfaktorer kan for eksempel være klimaendringer, som temperaturøkninger, tørke og flom. Det har de senere årene vært en betydelig økning i antallet arter som påvirkes negativt av klimaendringer.*» Dette er i høgste grad aktuelt for villreinstammen i området (nedising av beite).

Naturmangfaldlovas §9 kjem og til anvending her. Kunnskapsgrunnlaget for kva denne utbygginga har å si for villreinen er ikkje tilstrekkeleg og da må ein behandle saka etter føre-var-prinsippet.

Samla belastning på naturmangfaldet:

Denne utbygginga har alltid skilt seg frå mange av dei andre mindre utbyggingane i Suldal, med at ho ligg over tregrensa og ligg delvis i inngrepsfrie område. I Noreg har ein mista ca. 620 kvadratkilometer inngrepsfri natur frå 2013 til 2018. Bygging av veger og anlegg for vannkraft, vindkraft og nye kraftlinjer sto for mesteparten av reduksjonen.

Reduksjon av inngrepsfri natur og negativ påverknad på friluftslivet var vurdert som akseptable tap i høve til den samfunnsøkonomiske gevinsten når konsesjonen blei gitt. Når ein no ser det i samanheng med ny kunnskap om kritisk trua art og ny kunnskap om villreinens bruk av og behov for området vert dette ei samla sett ei stor belastning på naturmangfaldet. Legg ein til at problemstillinga med karbonlagring i myr ikkje er vurdert er det ikkje rett å forlenge utbyggingsfristen utan ny handsaming av saka.

Etter ei samla vurdering meiner Suldal kommune det derfor ikkje er rett å gje utsett byggefrist. Skal ein bygge ut i dette område må ein krevje ein ny konsesjonsbehandling der den samla belastninga på området vert vurdert på nytt etter den kunnskapen som no ligg føre.

Med helsing

Endre Gjil
bygdeutviklingssjef

Torill Telstad
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur